



Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Eva Bendiksen,

## Tildelingsbrev - Inkluderande barnehage- og skulemiljø, pulje 3 - prosjektnummer U1917

Fylkesmannen i Vestland viser til at Radøy kommune deltar i pulje 3 i Utdanningsdirektoratet sitt kompetanseutviklingstiltak *Inkluderande barnehage- og skulemiljø, samlingsbasert tilbod*.

Vi viser vidare til avtale med kommunen om å støtte opp om dei planlagde samlingane for tilsette i barnehage og skule i 2020. Det er semje mellom Fylkesmannen og kommunalsjef og ressurspersonane om å gi ein økonomisk støtte til desse framfor at Fylkesmannen arrangerer ei eiga samling i prosjektet.

Kommunen blir tildelt **kr. 150 000,-** som eit bidrag til dei samlingane. Summen blir tildelt Radøy kommune kommune, organisasjonsnummer 954748634, **kontonummer 3636 07 00776**.

### Føringar for bruk av midlane

Kommunen har tidlegare mottatt midlar til samlingar for skule som lekk i arbeidet i oppfølgingsordninga. Midlane som no vert tildelt, skal derfor i hovudsak knyttat opp mot kompetanseutvikling for tilsette i barnehagane. Fylkesmannen ber om ei tilbakemelding på korleis dette er gjort.

Vi gjer merksam på at Statens bevilgningreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Vestland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Med helsing

Marianne Svege  
seksjonsleiar

Eva Bendiksen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

